

Våningshuset skal no få ny kledning og originale vindauge

Aardalens Venner har no gjort avtale med snekkar Jan Håvard Kulmo om å skifte vindauge og kledning på våningshuset i Årdalen.

På 1970-talet vart vindauga på våningshuset skifta til såkalla «husmorvindu». På den tid var dette høgste mote og eit stort framskritt med omsyn til varmeisolasjon og lys. Men mange bygningsfasadar var utskjemde. Så også i Årdalen.

Heldigvis tok dei vare på dei gamle vindauga. For nokre år sidan fekk Aardalens Venner laga nye vindauge i nøyaktig kopi av dei gamle, både for våningshuset og kårhuset. Reidulf Ervik sto for arbeidet – dei er laga av materialer av beste kvalitet, og med handverk av ypperste klasse.

No er vindauga komne på plass i stova på våningshuset. Dei vart transporterte til gards på ryggen – ikkje ulikt slik det ofte måtte gjerast når noko skulle på plass i Årdalen.

Med så fine vindauge ynskjer Aardalens Venner å kle huset opp med ny kledning. Denne vil vi truleg få frakta ut med helikopter. Så håpar vi at veret blir lagleg i haust, slik at arbeidet går greitt.

Nye «reportasjar» vil komme etter kvart.

18.9.2011

th



Jan og Terje transporterte vindauga på ryggen dei ca. 1, 2 km frå Skårbø til Årdalen - i litt ulendt terreng, men i flott haustver.



Her er dei sju karmene på plass og glasfag til dei same. Alle er nøyaktige kopiar av dei som vart fjerna på 1970-talet. Hengsler og hasper er også originale.